



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1049 - 18/6905

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
02.05.2018

Byggesak Gbnr 45/10/229, 231 og 368 Manger - veg - løyve i eitt trinn

Delegasjonssak nr.: 103/2018

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : Toskavegen 190
Tiltakshavar : Granit Radøy AS
Ansvarleg søker : Arkoconsult AS
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om opparbeiding av vegkryss frå Kjebogen mot fylkesveg. Vegkryss skal føyrast opp i tråd med reguleringsplan.

Det vert elles vist til søknad motteke 17.04.2018 og supplert 02.05.2018.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Manger Industriområde, Kjebogen/12602015000200 er definert som veg.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Det er i nabovarsel vist gang-/sykkelveg, dette er endra i søknad. I mail frå Arkoconsult, datert 02.05.2018, opplysnas det at «*Det er avvik mellom teiningar som er nabovarsla og teiningar som ligg ved sjølve søknad. Vi har vurdert at endringa ikkje får negative konsekvensar for naboar, og nye teiningar er difor ikkje nabovarsla*». Vidare står det at «*Vi bekrefter at siste reviderte teiningar, utan fortau, er godkjent av Statens Vegvesen og det er desse som ligg til grunn for søknaden*».

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i arbeidsteikning datert 16.02.2018.

Det er i brev frå Statens vegvesen datert 12.03.2018 gjeve godkjenning til utførsle som vist i tekniske teikningar.

Det er ikkje planlagt opparbeid gang-/sykkelveg, som vist i reguleringsplan, i denne omgang. Det er i mail frå Arkoconsult, datert 02.05.2018, opplyst at «*Ettersom rekkefølgekrava ikkje gjeldt fortau, ynskjer tiltakshavar å løyse utbygginga av fortau i samband med vegutvidelsen mot Selfallet, difor er fortauet tatt vekk i endelege teiningar*».

Tekniske krav

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Statens vegvesen sine handbøk, derunder «*Håndbok N100 veg- og gateutforming*».

VURDERING

Klassifisering, veg

Det merkast at prosjekterande viser til kryss mellom fylkesveg og kommunal veg. Tidlegare kommunal veg til industriområde Kjobogen er endra til privat veg og krev derfor ikkje samtykkje frå Radøy kommune som vegmynde.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 918 269 665, har erklært ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Multiconsult Norge AS**, org.nr. 918 836 519, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for utforming av vegkryss Fv410 og Kv49**. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Sartor Maskin AS**, org.nr. 957 213 219, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for grunn- og terrengarbeider for SKV2**. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	SG*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
---------	-----	----------	---------	----------------

Arkoconsult AS, org.nr. 918 269 665	x	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Multiconsult Norge AS, org.nr. 918 836 519	x	PRO	1	Utforming av vegkryss Fv410 og Kv49
Sartor Maskin AS, org.nr. 957 213 219	x	UTF	1	Grunn- og terrengarbeider for SKV2

*Sentral godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 I, 20-2 a, 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for opparbeiding av veg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i arbeidsteikning datert 16.02.2018.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.2017 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.6	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	kr	<u>20 100</u>
		Totalsum	kr 20 100

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at

